

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.09.2019

Røysting

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 2 vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

Innstillinga punkt 3 og 4 vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

Vedtak

1. Fylkesutvalet er samd i at bom på sideveg bør unngåast, og berre førekomme der det er naudsynt for å realisere hovudprosjektet og for å unngå store konsekvensar for trafikktryggleik og miljø grunna omfattande trafikklekkasje til sideveg.
2. Fylkesutvalet viser til tidlegare analysar av Statens Vegvesen som viser til at det kan bli stor trafikklekkasje om ikkje vedtekne bommar på sideveg vert realiserte for prosjekta E39 Svevatjørn – Rådal og Rv 555 Sotrasambandet. Fjerning av bommane vil kunne føre til sterkt svekka måloppnåing ved at trafikkarbeidet ikkje blir redusert, at framkomsten i mindre grad vert betra, lågare reduksjon i ulukker og fortsatt støy og forureining langs gamlevegen. Det vil også gje meir slitasje på omklassifisert fylkesveg som igjen vil auke behovet for drift og vedlikehald på fylkesvegnettet. Bortfall av bompengainntekter vil også føre til auka takstar og/eller lenger bompengeperiode. Fylkesutvalet meiner at det difor ikkje er grunnlag for å endre bomplassering på desse to sambanda.
3. Garantivedtaka i fylkestinget til E39 Svevatjørn- Rådal og til Rv 555 Sotrasambandet er gitt med føresetnad om bom på sideveg. Om denne føresetnaden blir fjerna, bryt dette med fylkestinget og Stortinget sine føresetnader for godkjenning av prosjekta. Fylkeskommunen kan i så fall ikkje lenger stille som garantist for bompengelåna.
4. For framtidige prosjekt må det framleis vere mogleg å innføre bompengar på sideveg når trafikklekkasjen vil kunne redusere moglegheita for samfunnsøkonomisk måloppnåing for ny veg og for å kunne finansiere hovudprosjektet. Fylkesutvalet viser i denne samanheng til NTP 2018-2029 der prosjekta E16 Arna –Voss og E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset ligg inne med delvis bompengefinansiering. For desse prosjekta vil bom på sideveg med all sannsynlegheit vere naudsynt for å realisere prosjekta og for den samfunnsøkonomiske måloppnåinga som prosjekta skal realisere. Vidare analysar må klargjere om dette også er naudsynt for E134 Seljestad-Røldal-Vågsliid.